

KOMMISJONSDIREKTIV 2001/7/EF

2002/EØS/12/34

av 29. januar 2001

om tredje tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 94/55/EF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om veitransport av farlig gods(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 94/55/EF av 21. november 1994 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om veitransport av farlig gods⁽¹⁾, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/61/EF⁽²⁾, særleg artikkel 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Vedlegg A og B til direktiv 94/55/EF inneheld vedlegg A og B til den europeiske avtala om internasjonal vegtransport av farleg gods, vanlegvis kalla «ADR», slik dei gjeld frå 1. juli 1999.
- 2) ADR vert ajourført annakvart år, og følgjeleg tek ei ny utgåve til å gjelde 1. juli 2001, med ein overgangsperiode inntil 31. desember 2002, bortsett frå for farleg gods i klasse 7 (radioaktivt materiale), som har ein overgangsperiode som går ut 31. desember 2001.
- 3) Det er difor naudsynt å endre vedlegga til 94/55/EF.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for transport av farleg gods —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegga til direktiv 94/55/EF skal lyde:

1. Vedlegg A skal lyde:

«*VEDLEGG A*

Bestemmelsene i vedlegg A til den europeiske avtale om internasjonal veitransport av farlig gods (ADR) slik de får anvendelse fra 1. juli 2001, idet «kontraherende part» erstattes med «medlemsstat».

NB: Den konsoliderte teksten i 2001-utgaven av vedlegg A til ADR vil bli kunngjort så snart teksten foreligger på alle Fællesskapets offisielle språk.»

2. Vedlegg B skal lyde:

«*VEDLEGG B*

Bestemmelsene i vedlegg B til den europeiske avtale om internasjonal veitransport av farlig gods (ADR) slik de får anvendelse fra 1. juli 2001, idet «kontraherende part» erstattes med «medlemsstat».

NB: Den konsoliderte teksten i 2001-utgaven av vedlegg B til ADR vil bli kunngjort så snart teksten foreligger på alle Fællesskapets offisielle språk.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. desember 2001 for farleg gods i klasse 7 og innan 31. desember 2002 for farleg gods i andre klassar. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 29. januar 2001.

For Kommisjonen
Loyola DE PALACIO
Visepresident

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 30 av 1.2.2001, s. 43, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 74/2001 av 19. juni 2001 om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 44 av 6.9.2001, s. 18.

⁽¹⁾ TEF L 319 av 12.12.1994, s. 7.

⁽²⁾ TEF L 279 av 1.11.2000, s. 40.